

LITT OM "KROSSEN ER DIN".

Bakkans hovudverk er romantrilogien *Krossen er din*. Dei tre bøkene er: *Krossen er din* (1947), *Gjennom fossane* (1948) og *Regnbogen i toreskya* (1952). Tri-logien hadde Bakkan hatt under arbeid frå midt i tretti-åra, og eigentleg hadde stoffet levd i han frå barneåra av. Det var faren som hadde fortalt historia om det fredlause paret Inger og Knut Mjåvasstøyl for barna sine. Bakkan skulle såleis vere godt motivert for å skrive sagaen om rømlingane frå Åmli, men likevel kravde verket så mange år. I tillegg til det lokalhistoriske stoffet frå faren kravde verket eit omfattande arkivstudium både innan- og utanlands. I eit intervju gir Bakkan interessante opplysningar om bakgrunnen for og førebuinga til verket:

(...) romanen (*Krossen er din*) bygger på faktiske hendelser, men selvsagt tilsatt det nødvendige krydder. (...) Alle personer- stedsnavn er korrekte. Det har naturligvis vært atskillig av papirer å fare igjennom etter som historien skriver seg fra 1700-tallet. Arkivet i Kristiansand, Oslo og København har budt på gode kilder, men ellers har jeg for en stor del bygget på fortellinger på folkemunne.» (*Stavanger Aftenblad*, 16.10.1948).


Utgangspunktet var altså eit historisk faktum om to fredlause. Knut Mjåvasstøyl hadde mista kona si, Herbør, og ei tid etter skulle han ha barn med Inger, Herbørs syster. Inger aborterte og grov ned fosteret, men «etterbyrden» blei funnen, og saka kom opp på bygdetinget. Etter Christian Vs lov hadde Inger og Knut gjort seg skyldige i blodskam, «lejemål», for dei hadde vore inngifte og såleis — etter lova — i slekt med kvarandre. Samlivet mellom dei to blei sett på og dømt som seksuell omgang mellom sysken. Begge blei dødsdømde medan dei heldt seg løynde på heiane, og i 31 år (1705-36) måtte dei flakke fredlause omkring, alltid i redsle for å bli sedde og gripne. Dette var i korte trekk det som kunne dokumenterast, og så langt kjende Bakkan stoffet frå faren. Men så laut arkivstudium take til, for det historiske bildet måtte utfyllast, og gjennom heile romanserien ser vi spor etter granskingane. Frå gamle dokument i snirklete «kansellistil» stig gamletida fram, særleg ånda i lovene og tankegangen hos embetsaristokratiet. Vi blir kjende med bygdeting og rettargangsordning, med embetsverk og menn bak det — frå kongen og ned til prest, fut og bondelensmann. Rikast liv har likevel bygdesamfunnet i Åmli fått. Her kjem lokalkjennskapet Bakkan til gode, og tonen blir så ekte. Gjennom ei lang rekkje geografiske namn og gardsnamn kan vi følgje menneska og hendingane frå stad til stad, for namna er dei same den dag i dag: Børtinghus, Risland, Gjermundnes, Tverrstøyl, Tviland, Eppeland, Gjøvland, Gangsei og mange til. Og Trogfjell ruvar i landskapet slik det skal og bør. På Kallingsheia blir vi etter kvart lokalkjende medan vi følgjer Inger og Knut. Kort og godt: alt og alle er sette inn i det rette, gamle miljøet, som etter kvart blir utvida til nabobygdene og dalføra heilt vestover til Stavangerkanten. Men hovudscenen er heile tida Åmli.

Meir om temaet:

Utdraget ovanfor er henta frå heftet "Åmli-diktaren Engvald Bakkan", der ein kan lese meir.

I *djubda* går bøkene: "Vegen til regnbogen" (100 -års jub.), Thor Thorsen si bok om "Krossen er din" og "Sørlandet i litteraturen" av Bjørn Hemmer.

Elevane bør ha rollelest "Spelet om Inger og Knut" av Kjell Aasen, som det er klassesett av.



**STADNAMN I
"KROSSEN ER DIN"**

ÅMLI-UISE

På Åmli-heian æ fint å gange
i stutte nettar og dagar lange.
Når lauue blakrar i solgangsvind
og sola turkar ditt sveitte skinn.

Her gaukjen gjele og trosten talar
og raunen blømer i dæld og dalar.
Her bjoren byggjer i bekk og tjønn,
i lia ruslar dei, jarv og bjønn.

Her buje beiter og godt me gjæter.
Her konne turkar og rigne væter.
Her slær me vallhøy og stive finn
og kjøyrer heim i ei slepegrind.

Kjæm faut og prest og krev store skattar,
me bjalkar hogg oppi kvarv og knattar.

Bli konne lett når me treskjer hålm,
me fær nog brau, for me berkjer ålm.

På Åmli-heian bur folke greie.
Me æ kje lengje kverandre leie.
I kvell du stikk meg so bløe renn,
i morgo æ du min beste venn.

Når fela læt nedpå Valle-stean,
då møykjer ungdomen alle lean.
Då stevjast guten mæ jenta si.
Her vi eg live i all mi ti.

Og her æ utsyn til alle leier.
så meire alder eit mennesk greier.
Frå Trogfjell ser du det store hav
og heim te kjørkja mæ kross og grav.

Ja, her på heian, her vi eg live.
Dei ska meg alder o tune drive.
På Åmli-heian der vi eg bu.
Her best me oner – båd eg og du.

(Frå *Gjenom fossane*, 1948)

Dette er Åmli-visa til Lars Tverstøyl i "Krossen er din" – trilogien, bind 2 "Gjenom fossane", s.154 og 155. Rune Nylund har funne melodi til og sunge henne inn på kassett som er på Åmli skule. Her er òg stevet "Eg oner så vel på Mjåvasstøyl."

Oversyn over Engvald Bakkans forfatterskap

Mannstypen i Rasmus Lølands diktning, 1929

Ein litterær-psykologisk studie, utgitt i bokform og offentleggjort i *Syn og Segn*, 1930

Svarthe-Per og dei andre, 1930

Barnebok med illustrasjonar av forfattaren

Den kvelvde skåla, 1931, roman

Men han var Aleksander, 1939, roman

Hos farfar og farmor, 1942, barnebok

Bjørnen, reven og Pinn-Ola på eventyr, 1942, barnebok. Ny utgåve 1967

Krossen er din, 1947-52, romantrilogi

1. Krossen er din. Rakel og kvervelvinden, 1947

2. Gjenom fossane, 1948

3. Regnbogen i toreskya, 1952

Det blinde hjarta, 1953, novellesamling

Noveller i utval, 1972

Ei kvern som mel, 1976, novellesamling

DIALEKTORD FRÅ ÅMLI I TRILOGIEN «KROSSEN ER DIN».

Særøppgåve i norsk av Hege Håkedal, Tvedestrand Gymnas 1994.

Ordtydingane er alfabetisk ordna og skriven i den form og tid som er brukt i bøkene. Kwart ord har tilvising til side og bok nr. i trilogien. Referansen gjeld Det Norske Samlaget sin reproduksjon frå 1982. Etter ordtydingane er ein oversikt over dei gamle merkedagane som er nemnt i bøkene.

Meir om temaet:

Dette er bare eit døme. Komplette liste er i lause kopieringsoriginalar i lokalhylla. Denne er og trykt i boka "Vegen til regnbogen."

		Bok nr.	Side
ageleg	myndig	3	34
agg	motvilje mot nokon	2	146
alder	aldri	2	155
alleleis	på alle vis	3	241
alnir	fl. av alen, omlag 63 cm	1	285
alra	aller	3	73
als timber	kjærneved av furu	1	64
alsvolduge	allmechtige	3	81
andvegs åt	andlet til andlet	3	233
ange	lukt	1	118
angordig	vrang	2	168
ank	angst	2	247
anka	ynke	2	167
annig	ivrig, travel	3	23
annvint	travelte	2	205
ansleis	annleis	2	155
armoa	nauda, fattigdomen	2	143
aurekot	aureyngel, småfisk	2	215
aurhaugane	molldhaugane, jordhaugane	3	81
auskleg	einsamt	1	171
avlen	eldstaden i smia	3	83
avåta	klegg o.l.	3	9
bastetoget	taug av bast	3	125
bearlaget	gjestebodsfolket (faste gardar)	1	23
bedaga	roa, lya	1	65
beinkløyvd	reinskoren, rettviss	2	186
bekkebaren	bekkekanten	2	216
bel	stund	3	116
besnar	blir friskare	1	261
beste	bestefar	2	192

OM ENGVALD BAKKAN

1. Kvar i Åmli var Engvald Bakkan frå?

2. Når blei han fødd?

3. Kvar budde han mesteparten av livet sitt?

4. Kva for yrke hadde han?


5. Kva heiter hovudverket hans?

6. Kva heiter dei 2 hovudpersonane?

7. Kvar i Åmli budde dei fyrst?

8. Kva gale hadde dei gjort?

9. Kva for dom fekk dei?



10. Korleis gjekk det med dei i romanen?

11. Verket er på 3 bøker. Kva kallast ei slik samling?

12. Kva heiter dei tre bøkene?

13. Om lag når tid føregjekk handlinga?

14. Nemn namn på 3 andre personar i hovudverket.

15. I 1997 blei det oppført eit skodespel i Åmli om dette verket. Kva heiter skodespelet?

16. Kven har skrive det?

17. Der er mykje dialektord i verket. Kva tyder

a) bearlaget _____

b) pråm _____

c) språte _____

d) anvint _____

e) båne _____

18. Engvald Bakkan bruker elva og tømmerstokkar som metafor (bilete/samanlikning). Kva symboliserer elva og kva tømmerstokkane?

19. Kvifor snakkar prestane dansk i romanane?

20. Nemn minst ein ting i verket du ser på som sant (fakta) og ein som fri dikting (fiksjon).

21. Nemn namn på ei barnebok av E.B.

22. Nemn namn på ei novelle av E.B.

23. Nemn namn på ein roman (utanom hovudverket) av E.B.



Sjølvpportrett